



Den omstridte muren er synleg frå mange stader i Uskedalen,

Muren i Ospelunden er framleis ein gjengangar i journalen til kommunen. No har Olav Tvilde fått to svar på spørsmåla sine. Toril Slåke viser til at botnsteinane er sikra med ein forstøtningsmur i betong. Kommunen ser positivt på dette og finn det innanfor godkjenninga.

Tvilde har også stilt spørsmål til Nordconsult om den uavhengige kontrollen dei gjennomførte. Kommunen har funne at denne tilfredsstillar krava i plan- og bygningslova og vedtaket som vart gjort i februar i forvaltningskomiteen. Det vart gjeve igangsetjingsløyve til byggjinga av einebustaden oppå muren 11. juni og det har ikkje kome klage på dette vedtaket, påpeikar Slåke

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.